

Til:

Abdulbari Nihad Dino
Anette Pettersen
Bergljot Brekken
Eilen Refvik
June Stensland
Mira Njærheim Nord-Varhaug
Ragnvald Riis
Synnøve Veien
Torben Ueland Håland

Lodevegen 43

4365 NÆRBØ

Dykkar ref.

Vår ref.
22/32101Arkivkode
035 A20Dato
24.10.2022**Nærbø ungdomsskule - Referat frå SU/SMU møte 20.10.2022**

Dato: 20.10.2022

Tid: Kl. 19.15 – 20.15

Desse møtte: Bergljot Brekken, Eilen Refvik, June Stensland, Mira Njærheim Nord-Varhaug, Torben Ueland Håland, Synnøve Veien, Anette Pettersen, Linda Hadland Forsmo

Forfall: Abdulbari Nihad Dino, Ragnvald Riis, Reidar Håland

Saker:**24/22: Godkjenning av sakliste.**

Godkjent

25/22: Godkjenning av [referat](#).

Det var ein feil i forrige referat når det gjeld antal klasserom og klassar i elevgangen. Det rette er 12 klasserom og 12 klassar. I tillegg har me ein innføringsklasse i praktisk bygg.

26/22: Plan - [Trafikksikker skule](#). Hjelm på sykkelturn: <https://www.ha.no/nus/heimskule/bruk-av-sykkel-sykkelhjelm/>

Kva betyr skiltet som heng på skulen om at skulen er ein trafikksikker skule? Det betyr at Nærbø ungdomsskule har ein eigen trafikkplan for korleis me praktiserar diverse skuleturar, som gåtur, sykkelturn og kollektiv transport, som buss eller tog.

FAU meinte at denne planen ikkje samsvarte heilt med den faktiske praktiseringa av turar på skulen. Denne må derfor reviderast av rektor, som legg den fram til FAU og SU/SMU på neste møte.

27/22: Uteområdet

Elevrådet har gjort ei prioritering i fht pris og det som stod igjen på lista. Dei landa på at me får sykkelstativ i sykkelskuret. Dette er kome, og venter på å bli montert. Det er bestilt to støypte bordtennisbord frå Stokkelandsmarka. Desse var halv pris av det dei kosta av anna leverandør. I tillegg er det bestilt to støypte parkbenker med logoen Hå kommune.

28/22: Nytt naturfagrom - omvisning

Ser veldig bra ut. Det er snart klart til bruk.

29/22: Orientering frå politisk representant.

Kunne ikkje møte då både hoved- og vararepresentanten vår var i kommunestyremøte. Me endrar på dato for neste SU-møte, då me hadde sett opp same dato som neste kommunestyremøte. Me endrar til onsdag 16.nov, i staden for torsdag 17.nov.

30/22: Eventuelt

- Juleball:
Elever og FAU set ned en juleballkomitè. Skulen er behjelpelig med å sjekke om dei får låne gml hallen eller hallen på Bø skule til juleball. Aktuelle datoar er 1. eller 8.des. I tilfelle ingen av desse går, er allereie samfunnshuset booka 30.nov. FAU ønskjer å bruke ein av hallane, då det ikkje er lov å ha meir enn 180 stk i samfunnshuset. Det betyr at alle som vil delta, ikkje får.

Mira tek ansvar for å lage en juleballkomitè på skulen, som består av 10. og 9.trinnselever. Forslag: 4 elever fra 10.tr og 2 fra 9.tr. Fordelen med å ha med nokon fra 9.trinn er at desse kan være ressursar inn i ny komitè til neste år.
- Avslutningsfest i Nye Loen. Hugs å få orden på dette i forkant:
 - Dimming av lys
 - For lite lyd då me hadde den bærbare. Må bruke lydanlegget i Loen. Foreldre må styre lyden.
 - Sjekk at temperaturen ikkje er nede på 15 grader. Be om å få skrudd denne opp i tilfelle.
 - Bør lage til scenen og stolane til elevane lenger bak mot tribunen, så avstanden mellom forldre og elevar ikkje blir så stor.
 - Kakebordet må stå på motsatt side enn sist, mot kiosken.
- Skolevegen:
Det er farleg om morgenen når elevar blir køyrt til skulen. Elevar går rett ut i vegen og følger ikkje alltid trafikkreglane. Det kan oppstå farlege situasjonar. Rektor sender ut ei vismamelding til foreldre og ber dei snakke med ungdommane sine om faren i trafikken, spesielt no framover når det er mørkt om morgonen. Lærarane vil og snakke med elevane om dette. Som eit anna tiltak vil rektor sjekke med politiet om dei har ressursar til å stå i rundkøyringa utanfor skulen ein morgon eller to for observere og veilede elevane. Det kom fram frå foreldre at det er litt dårleg belysning i bakken utanfor Rema1000. Bør kommunen gjere noko med belysninga her?

- Bør gjennomkjøringa i sykkelskuret stengast? Rektor tek dette opp med vaktmeister.
- Toalettsaken blir sett opp på sakslista til neste møte.

Neste møte blir onsdag 16.nov kl 19.30-20.30 (merk både ny dato og klokkeslett).

Referent: Linda Hadland Forsmo

Med helsing
Hå kommune

Kari Ann Røgenes Bjørnsen
administrasjonskonsulent

Kopi til:
Linda Hadland Forsmo

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur